



Årsmelding 2019

Meland kommune

Innhold

1	Framlegg til vedtak for årsrekneskapen 2019	2
2	Oversyn rekneskap 2019	2
2.1	Hovudoversikt driftsrekneskap 2019	2
2.2	Internrekneskap drift 2019.....	2
2.3	Spesifikasjon av netto inntektsramme	3
2.4	Netto utgiftsramme delegert til rådmannen.....	4
3	Investeringsrekneskapen.....	5
4	Balansen	6
5	Andre forhold	7
5.1	Økonomistyring	7
5.2	Likestilling	7
5.3	Etisk standard og etisk arbeid i kommunen	8
5.4	Økonomiske utsikter	8
5.5	Folketalsutvikling og demografi	9
5.6	Årsverk og tilsette.....	10
5.7	Sjuefråver.....	10

1 Framlegg til vedtak for årsrekneskapen 2019

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2019 i samsvar med revisor si melding, med eit rekneskapsmessig resultat kr 0,- etter disponeringar.

2 Oversyn rekneskap 2019

Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk for 2019 vart kr 0. Kommunen sitt reviderte budsjett for året viser bruk av disposisjonsfond på kr 15,2 mill., men betre resultat gjer at det er rekneskapsført kr 12,8 mill. av dette, dvs. kr 2,4 mill. betre enn i revidert budsjett. I 2018 hadde kommunen til samanlikning bruk av disposisjonsfond på kr 3,0 mill., og vi kan såleis seie at resultatet for 2019 er kr 9,8 mill. dårlegare i 2018.

2.1 Hovudoversikt driftsrekneskap 2019

Tal i heile 1 000 kr

Hovudoversikt rekneskap 2019	Regnsk. 2019	Reg. bud. 2019	Oppr.bud. 2019	Regnsk. 2018	Endring 2018-2019
Driftsinntekter	654 864	609 210	601 060	631 033	23 831
Lønnsutgifter og sosiale utgifter	394 016	383 169	382 079	376 765	-17 251
Andre driftsutgifter	284 356	242 148	232 218	254 140	-30 217
Brutto driftsresultat	-23 509	-16 108	-13 238	129	-23 637
Brutto driftsresultat i prosent av sum driftsinnt.: :	-3,59%	-2,64%	-2,20%	0,02%	-3,61%
Eksterne finansinntekter	9 664	8 230	5 680	6 331	3 333
Sum eksterne finansutgifter	30 048	32 700	33 950	24 515	-5 533
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-20 384	-24 470	-28 270	-18 184	-2 200
Motpost avskrivningar	25 321	21 257	21 257	22 745	2 576
Netto driftsresultat	-18 571	-19 321	-20 251	4 690	-23 261
Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinnt.: :	-2,84%	-3,17%	-3,37%	0,74%	-3,58%
Netto avsetningar (ekskl. avsetn disp.fond)	5 752	4 121	4 121	-7 691	13 442
Resultat før avsetn. disp. fond / inndeck.	-12 819	-15 200	-16 130	-3 001	-9 819
Bruk av og avsetn. til disposisjonsfond	12 819	15 200	16 130	3 001	9 819
Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)	-	-	-	-	-

Brutto driftsresultat i 2019 er på minus kr 23,5 mill., mot kr 0,1 mill. i 2018. Netto driftsresultat er på minus kr 18,6 mill., eller minus 2,84% av netto driftsinntekter. Netto driftsresultat i 2018 var positivt med kr 4,7 mill., og resultatnedgangen frå 2018 til 2019 er såleis kr 23,3 mill. Netto driftsresultat er dekkja inn med bruk av fondsmidlar. Av dette er kr 12,8 mill. bruk av disposisjonsfond. Netto driftsresultat er kr 0,8 mill. betre enn budsjettet.

2.2 Internrekneskap drift 2019

tal i heile 1 000 kr

Meland kommune 2019	Regnsk. 2019	Budsj. 2019 (rev)	Avvik	Avvik i %	Regnsk. 2018	Auke 18-19	Auke 18-19 i %
Netto inntekter økonomi og finans (skatt, rammetilskot m.m.)	481 283	477 100	4 183	0,9%	464 479	16 804	3,6%
Netto utgiftsramme delegert til rådmann:	494 102	492 300	-1 802	-0,4%	467 480	26 622	5,7%
Resultat før inndecking og avsetninger	-12 819	-15 200	2 381		-3 001	-9 818	

I løpende rapportering av resultat til kommunestyret er det brukt et format på rapporteringa som avviker noko frå formell rapportering etter kommunelova si oppstilling. Dette kapitelet viser resultat i forhold til format brukt i intern rapportering i løpet av året.

Det vart i 2019 budsjettert (inkl. endringar i løpet av året) med netto inntekter på kr 477,1 mill. Rekneskapen viste kr 481,3 mill., eit positivt avvik på kr 4,2 mill. Auken frå 2018 til 2019 er på kr 16,8 mill. eller 3,6%. I budsjettet for 2019 vart rådmannen tildelt ei ramme på kr 492,3 mill. til fordeling på dei ulike tenestemråda. Rekneskapen syner netto utgifter på 494,1 mill., som inneber eit meirforbruk i forhold til ramma på kr 1,8 mill. I rekneskapen for 2018 var netto driftsutgifter i tenestene kr 467,5 mill., og veksten i utgifter frå 2018 til 2019 er på kr 26,6 mill. eller 5,7%, som er 2,1% høgare enn inntektsveksten. Totalt viser internrekneskapen dermed eit meirforbruk for 2019 på kr 12,8 mill. Dette er likevel kr 2,4 mill. lågare enn det budsjetterte meirforbruket på kr 15,2 mill.

2.3 Spesifikasjon av netto inntektsramme

tal i heile 1 000 kr

Spes. av netto innt. økonomi og finans	Reknsk. 2019	Bud. reg. 2019	Avvik	Oppr. bud. 2019	Reknsk. 2018	Endr 18-19	Endr i %
Skatt	213 576	214 451	-875	206 404	207 938	5 638	2,7 %
Rammetilskot og innt.utjamning	223 937	223 937	-	224 242	213 136	10 801	5,1 %
Innt. utjamning	33 077	30 312	2 765	28 954	26 441	6 636	25,1 %
Sum skatt og rammetilsk.	470 590	468 700	1 890	459 600	447 515	23 075	5,2 %
Avdrag	-17 932	-21 400	3 468	-21 400	-15 550	-2 382	15,3 %
Avskrivningar	-19 376	-15 000	-4 376	-15 000	-14 407	-4 969	34,5 %
Motpost avskr.	25 321	21 257	4 064	21 257	22 745	2 576	11,3 %
Netto avskrivningar	5 945	6 257	-312	6 257	8 338	-2 393	-28,7 %
Renteutgifter	-12 339	-11 650	-689	-12 900	-9 554	-2 785	29,2 %
Rentekomp.	1 249	1 700	-451	1 700	1 247	2	0,2 %
Kalk. renter selvkostomr.	4 716	5 993	-1 277	5 993	4 068	648	15,9 %
Byggelånsrenter invest.	618	500	118	500	828	-210	
Renter utlån	887	850	37	850	748	139	18,6 %
Renteinntekter	2 435	1 500	935	1 500	1 402	1 033	73,7 %
Diverse rentepostar	-2 434	-1 107	-1 327	-2 357	-1 261	-1 173	93,0 %
Eigedomsskatt	19 706	19 350	356	20 300	19 375	331	1,7 %
Havbruksfondet	217	-	217	-	2 812	-2 595	-92,3 %
Utbytte	6 161	5 850	311	3 300	4 072	2 089	51,3 %
Div utgifter og inntekter	-444	-530	86	-530	-605	161	-26,6 %
Netto avsetning til og bruk av fond	-387		-387		-133	-254	191,0 %
Tap på fordringer	-139	-20	-119	-20	-84	-55	65,5 %
Sum andre postar	25 114	24 650	464	23 050	25 437	-323	-1,3 %
Sum økonomi og finans	481 283	477 100	4 183	465 150	464 479	16 804	3,6 %

Skatt og rammetilskot

Tabellen over syner at Meland kommune i 2019 har ein auke i skatteinntekter på kr 5,6 mill., frå 207,9 mill. i 2018 til kr 213,6 mill. i 2019. , ein auke på 2,7%. Det er kr 0,9 mill. lågare enn i revidert budsjettet for 2019. Meland kommune ligg lågt når det gjeld gjennomsnittlege skatteinntekter per innbyggjar, i hovudsak som følgje av ein større andel unge innbyggjarar enn gjennomsnittet for norske kommunar. Skatteinntektene per innbyggjar (innbyggjarar per 1.1.2019) er i 2019 kr 26.087,- mot kr 25.738,- i 2018, ein auke på 1,4%. Meland kommune sine skatteinntekter per innbyggjar er dermed 81,7% av landsgjennomsnittet, redusert frå 83,9% i 2018. Kommunen vert kompensert for låge skatteinntekter gjennom inntektsutjamningsordninga. Som følgje av at auken i skatteinntekter er lågare i Meland enn nasjonalt, får vi ein auke i inntekter frå skatteutjamninga

på kr 6,6 mill. frå 2018 til 2019. Rammetilskotet auka med kr 10,8 mill. (5,1%) frå 2018 til 2019. Dette skuldast befolkningsauke (auka innbyggjartilskot) og auke i utgiftsutjamninga. Sum skatt, skatteutjamning og rammetilskot vart i 2019 kr 470,6 mill., som er kr 1,9 mill. høgare enn i rev. budsjett.

Avdrag

Avdrag i driftsrekneskapen er bokført med kr 17,9 mill., mot budsjettert 21,4 mill.

Positivt avvik her skuldast at kommunen i budsjettet hadde rekna med at reglane for berekning av minimumsavdrag i samband med innføring av ny kommunelov ville bli endra frå om med 2019.

Endringa vart likevel ikkje gjort gjeldande før i 2020. I tillegg er det utgiftsført kr 2,8 mill. i investeringsrekneskapen som avdrag på formidlingslån (startlån frå Husbanken).

Netto avskrivningar

Avskrivningane går totalt sett i null i kommunerekneskapen. På finansområdet har vi ein netto inntekt i 2019 på kr 5,9 mill. vedr. avskrivningar. Tilsvarende sum er kostnadsført på tenesteområde for Plan, Utbygging og kommunalteknikk (PUK), knytt til vassverk- og avlaupsanlegg (sjølvkostrekneskapa).

Diverse rentepostar

Totalt er det bokført kr 12,3 mill. i renter på lån i 2019, ein auke på kr 2,8 mill. i forhold til 2018.

Vi fekk i 2019 kr 1,2 mill. i rentekompensasjonsmidlar for dekking av renteutgifter vi har på skule og institusjonsbygg. Det er fordelt kr 4,7 mill. som kalkulatoriske renter (inntekt) til sjølvkostrekneskapa for vassverk- og avløpsanlegg. I tillegg har vi i 2019 kr 0,9 mill. i inntekt på vidareutlån og kr 2,4 mill. i renteinntekt på bankinnskot. Netto renteutgift er kr 2,4 mill., som er kr 1,2 mill. meir enn i 2018.

Eigedomsskatt og utbytte m.m.

Satsen for eigedomsskatt på bustader og fritidseigedommar er i 2019 uforandra i forhold til 2018 på 3,5 promille. Satsen på verk og bruk er 7 promille. Inntektene auka med kr 0,3 mill. frå kr 19,4 mill. i 2018 til kr 19,7 mill. i 2019. I 2019 fekk vi aksjeutbytte (i hovudsak frå BKK) på kr 6,2 mill., mot kr 4,1 mill. i 2018.

2.4 Netto utgiftsramme delegert til rådmannen

Tabellen nedanfor syner korleis rådmann i budsjettet for 2019 har fordelt utgiftsramma på kr 492,3 mill. til kvart tenesteområde som kommunen er organisert i, og dei tilhøyrande resultat for kvart tenesteområde. Tenesteområda sine fullmakter er regulert gjennom leiaravtalar. I sum har tenesteområda levert netto utgifter på kr 493,2 mill., som er 0,9 mill. høgare enn utgiftsramma.

I internrekneskapen er det brukt netto rammes per tenesteområde der alle inntekter og utgifter som tenesteområda har ansvaret for er inkludert. Dette samsvarer ikkje heilt med fordeling av rammene i årsrekneskapen sin oppstilling 1B. Forskjellen er forklart i note 17 i årsrekneskapen.

Netto utgiftsramme delegert til rådmann fordelt administrativt på Tenesteområda:

tal i heile 1 000 kr

Tenesteområde	Regnsk. 2019	Budsj. 2019 (rev)	Avvik	Avvik i %	Regnsk. 2018	Auke 18-19	Auke 18-19 i %
Politikk/Rådmannskontor	18 145	18 070	-75	-0,4 %	18 112	33	0,2 %
Økonomikontor	10 944	10 760	-184	-1,7 %	10 376	568	5,5 %
IKT og andre Interkomm. samarbeid	18 188	16 180	-2 008	-12,4 %	15 466	2 722	17,6 %
Rådgevartenesa ekskl. private barneh.	10 484	9 730	-754	-7,7 %	9 394	1 090	11,6 %
Private barnehagar (tilskot og adm)	84 009	88 070	4 061	4,6 %	82 688	1 321	1,6 %
PPT	2 977	3 080	103	3,3 %	2 928	49	1,7 %
Kommunal barnehagedrift	7 341	7 660	319	4,2 %	7 014	327	4,7 %
Grasdal skule	16 177	15 210	-967	-6,4 %	15 286	891	5,8 %
Meland Ungdomsskule og Vaksenoppl.	19 257	19 200	-57	-0,3 %	17 333	1 924	11,1 %
Rosslund skule	26 287	25 610	-677	-2,6 %	25 473	814	3,2 %
Sagstad skule	33 814	35 930	2 116	5,9 %	32 807	1 007	3,1 %
Vestbygd skule	20 963	20 170	-793	-3,9 %	20 371	592	2,9 %
Helse	30 852	28 380	-2 472	-8,7 %	29 506	1 346	4,6 %
Sosiale tenester	11 240	13 170	1 930	14,7 %	8 740	2 500	28,6 %
Barnevern	13 477	13 360	-117	-0,9 %	14 960	-1 483	-9,9 %
Meland Sjukeheim	52 418	50 800	-1 618	-3,2 %	47 609	4 809	10,1 %
Meland heimetenester	75 020	73 500	-1 520	-2,1 %	66 735	8 285	12,4 %
Kulturkontor	10 180	11 130	950	8,5 %	10 219	-39	-0,4 %
PUK - Plan, Utbygging, komm.teknikk	32 329	32 290	-39	-0,1 %	32 463	-134	-0,4 %
Sum netto utgift - internt fordelt ramme frå rådmann	494 102	492 300	-1 802	-0,4 %	467 480	26 622	5,7 %

3 Investeringsrekneskapan

Invest.prosj. 2019	Regnsk. 2019	Rev. bud. 2019	Avvik rekn. - buds	Invest.prosj. 2019 forts	Regnsk. 2019	Rev. bud. 2019	Avvik rekn. - buds
				752 - Veg Holme-Tveit	6 521	6 000	-521
				760 - Kommunale vegar	1 934	2 015	81
100 - IKT diverse direkte invest kommunen	660	1 110	450	761 - Trafikksikring	66	625	559
101 - IKT-prosjekt via IKTNH	-	500	500	762 - Kommunale bygg	2 915	3 355	440
102 - Telefoni	219	-	-219	768 - Adgangssystem Meland rådhus	369	373	3
109 - Digitalisering av eigedomsarkivet	440	450	10	769 - Varme pumpe Meland rådhus	16	98	82
Div - Datautstyr skulane	1 490	1 300	-190	770 - Opprydding Moldekleiv søppelfylling	-	375	375
Sum IKT-prosjekter	2 810	3 360	550	789 - Ny driftsstasjon	2 535	2 375	-160
				791 - Utbetr./opprensning, gangsti og Veilys Mjåtveitt	214	525	311
				792 - Fortau Mjåtveitvegen	2 715	3 475	760
Møbler og utstyr til skulane	1 034	1 650	616	Sum Teknisk sektor	17 284	19 215	1 931
253 - Tilbygg Grasdal skule	63	50	-13				
254 - Tilbygg Sagstad skule	1 112	1 100	-12	Sum ordinære investeringar	83 488	102 360	18 872
255 - Sagstad skule - lærarkontor	127	125	-2				
257 - Uteområde skular	237	250	13				
259 - Skifte tak Vestbygd skule	2 170	3 125	955	601 - Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal	14 760	32 000	17 240
261 - Uteareal Sagstad skule	8 455	8 720	265	604 - Ny hovedvassleidning langs Mjåtveitvegen	-	1 000	1 000
263 - Meland Ungd.skule - utviding	13 993	13 800	-193	610 - Tilskudd til vannledning Håøya kommandantbolli	-	250	250
264 - Ventilasjon Grasdal skule	1 191	1 275	84	653 - Handtering overvatn Holtermansdalsvegen	7 509	7 277	-232
273 - Marihøna BH - Leikeplass-utstyr	313	313	0	662 - Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit	17 596	19 520	1 924
Sum Skule og Barnehage	28 694	30 408	1 713	668 - Sanering Rosslundspollen	354	-	-354
				676 - Vassleidning Meland vassverk - Meland høgdeb	7 058	5 300	-1 758
				678 - Vassleidning Litlebergen - Flatøy	8 466	9 725	1 259
350 - Utleigebustader for vanskelegstilte	13 521	13 980	459	680 - Mindre prosjekt vatn	2 435	3 130	695
351 - Omsorgsbustader	601	4 800	4 199	690 - Mindre prosjekt avlaup	3 727	3 850	123
378 - Ventilasjon Meland sjukeheim	743	875	132	Sum Vatn og avlaup	61 906	82 052	20 146
379 - Tilbygg og ombygging Lerketunet	1 691	1 875	184				
Sum Helse, sosial og omsorg	16 556	21 530	4 974	910 - Startlån	19 392	26 600	7 208
				929 - Eigenkapitalinskot KLP	1 132	1 130	-2
				Avsetning til kapitalfond, diverse prosjekt	40	-	-40
544 - Areal ro- og jollesegling	152	158	5	Sum Andre kapitalutgifter	20 564	27 730	7 166
545 - Areal Leirdalen Idrettsanlegg	-	1 000	1 000				
556 - Restaurering av Meieribygget	16 147	19 480	3 333	Sum finansieringsbehov i invest.rekn.	165 957	212 142	46 185
557 - Turstiar/lyssette turløypar	607	500	-107				
558 - Parkering/rasteplassar	63	375	312	Momsrefusjon / momskomp.	12 472	16 386	3 914
559 - Aktivitetsområde Frekhaug torg	712	710	-2	Tilskot, refusjonar, salsinntekter	2 828	-	-2 828
570 - Utviding av kyrkjegard	440	450	10	Bruk av lånemidlar	142 415	181 036	38 621
578 - Kjøp av sentrumsareal	-	5 000	5 000	Bruk av kapitalfond og andre avsetningar	4 197	13 120	8 923
579 - Varmelegg og kabelnett Kyrkja	23	175	152	Mottatte avdrag på utlån og refusjonar	4 045	1 600	-2 445
Sum Kyrkje, Kultur og Næring	18 144	27 848	9 704	Sum finansiering	165 957	212 142	46 185

I 2019 er det bokført kapitalutgifter med totalt kr 166,0 mill. mot budsjettet kr 212,1 mill. Dette består av kr 83,5 mill. i ordinære investeringar, kr 61,9 mill. i vassverks- og avlaupsanlegg, og andre investeringsaktivitetar er på kr 20,6 mill. kr. Andre investeringsutgifter er utlån, avdrag og avsetningar vedr. kommunen sin vidareformidling av startlån frå Husbanken.

På fleire prosjekt har ikkje framdrifta vore som planlagt i budsjettet. Mesteparten av dette skuldast forskyving av prosjekt ut i tid, og budsjettmidlar vil verte overført til Alver kommune for bruk i 2020.

Dei største prosjekta i 2019 er utviding av Meland ungd.skule med kr 14 mill., Uteareal Sagstad skule med kr 8,5 mill., Kjøp av utleigebustader med kr 13,5 mill., restaurering av Meieribygget til kulturbygg kr 16,1 mill. Det siste prosjektet er ikkje ferdig og vert fullført i 2020.

På teknisk sektor er det brukt kr 6,5 mill. på vegprosjekt Holme-Tveit. Prosjektet har fått tilsagn om fylkeskommunalt tilskot på om lag kr 5 mill. Arbeidet er ikkje ferdig og fortsett i 2020. Ny driftsstasjon er ferdigstilt i 2019.

På VA-området er det brukt kr 14,8 mill. på nytt vassbehandlingsanlegg i Hestdal. Prosjektet pågår og fortsett i 2020. Det same gjeld for prosjekt avløpsleidning Holmeknappen-Tveit, der det i 2019 er brukt kr 17,6 mill.

4 Balansen

tal i heile 1 000 kr

Balanse - 31.12	Regnsk. 2019	Regnsk. 2018
Eigedomar, anlegg, utstyr og transp.m.	871 986	753 278
Utlån	54 680	40 231
Aksjer og andeler	104 893	103 761
Pensjonsmidlar	572 571	532 591
Sum anleggsmidlar	1 604 130	1 429 861
Kortsiktige fordringar	46 165	39 973
Premieavik	29 372	25 332
Bankinnskot og kortsikt. plasseringar	138 593	158 051
Sum omløpsmidlar	214 130	223 356
Sum eigendelar	1 818 260	1 653 217
Bundne driftsfond	35 606	41 358
Investeringsfond (bundne og ubundne)	23 121	26 280
Disposisjonsfond	12 257	26 075
Kapitalkonto	194 856	181 349
Sum eigenkapital	265 840	275 062
Pensjonsforpliktingar	666 664	627 572
Lånegjeld	793 083	656 828
Sum langsiktig gjeld	1 459 747	1 284 400
Diverse kortsiktig gjeld	90 527	90 827
Premieavik	2 146	2 928
Sum kortsiktig gjeld	92 673	93 755
Sum eigenkapital og gjeld	1 818 260	1 653 217
memoriakonto: Ubrukte lånemidlar	52 900	38 315

Sum eigendeler har auka med kr 165 mill. i løpet av 2019, frå kr 1.653 mill. per 31.12.2018 til kr 1.818 mill. per 31.12.2019. Eigenkapitalen er redusert med kr 9 mill. og langsiktig gjeld er auka med kr 175 mill. Langsiktig gjeld består av lånegjeld og pensjonsforplikting.

Netto lånegjeld er definert som lånegjeld minus utlån (startlån), og er kr 738 mill. i 2019, opp frå kr 617 mill. i 2018. I 2019 utgjer netto lånegjeld 112,8% av brutto driftsinntekter. Lånegjeld per innbyggjar er kr 90.192,- for 2019, ein auke frå kr 75.314,- i 2018.

Nøkkeltal lånegjeld	Regnsk. 2019	Regnsk. 2018
Netto lånegjeld (lånegjeld minus utlån) mill kr:	738,4	616,6
Brutto driftsinntekter	654 864	631 033
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinnt.:	112,8%	97,7%
Innbyggere 31.12.:	8 187	8 187
Netto lånegjeld pr innbyggjar - heile kr :	90 192	75 314

Netto kortsiktige balanseposter / likviditet	Regnsk. 2019	Regnsk. 2018
Bankinnskot og kortsikt. plasseringar	138 593	158 051
Kortsiktige fordringar	46 165	39 973
Diverse kortsiktig gjeld	-90 527	-90 827
Investeringsfond (bundne og ubundne)	-23 121	-26 280
Unyttå lånemidlar	-52 900	-38 315
Netto likviditets over/underskot til drift	18 210	42 602
Endring frå året før	-24 392	1 548

Tabellen til venstre viser alle kortsiktige balanseposter som har påverknad på likviditet tilgjengeleg til drift. Vi ser at balansen er endra frå kr 42,6 mill. per 31.12.2018 til kr 18,2 mill. per 31.12.2019. Kommunen har god likviditet, og sum bankinnskot per 31.12.2019 er på kr 138,6 mill. Av dette er kr 12,1 mill. bundet skattetrekk.

5 Andre forhold

5.1 Økonomistyring

Dei siste åra har kostnadsauken i Meland kommune vore større enn inntektsauken. I 2018 snudde dette, medan vi i 2019 igjen har auke i utgifter som er høgare enn inntektsveksten. Rådmannen har i budsjettet for 2019 og i løpande rapportering orientert kommunestyret om dette. Kommunestyret har valt å løyse desse utfordringane med å auke bruken av disposisjonsfond i drifta, og utsette naudsynte tiltak for innsparing til samanslåinga med Radøy og Lindås kommunar til nye Alver kommune er gjennomført. Dette skuldast at det er vanskeleg å gjennomføre store omstillingar internt i Meland kommune samstundes som planleggings- og omstillingsarbeidet fram mot kommunesamanslåinga pågår.

Netto driftsresultat for 2019 er negativt med kr 18,6 mill. (minus 2,8% av driftsinntektene). Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at kommunane skal ha eit overskot (netto driftsresultat) på 1,75% av driftsinntektene. Dette ville for Meland kommune i 2019 utgjort om lag kr 11,5 mill., som er om lag kr 30 mill. høgare enn kommunen sitt faktiske resultat. Det er såleis behov for betydelege resultatforbetringar i den drifta som Meland kommune bringer med seg inn i Alver kommune.

Generelt meiner vi likevel at økonomistyringa innanfor dei vedtekte rammevilkåra i kommunen er gode, og at endra tenestebehov vert fanga opp og naudsynt justering av budsjettammene gjennomført. Dette synast og ved at budsjettavviket er lite i forhold til driftsramma som rådmannen er tildelt i budsjettet for 2019, med eit meirforbruk på kr 2,4 mill. av ei totalramme på kr 492,3 mill.

5.2 Likestilling

79% av årsverka i Meland kommune er utført av kvinner og 21% er menn. I rådmannen si leiargruppe er det det betre balanse mellom kvinner og menn, men og der med overvekt av kvinner. Kommunen jobbar aktivt med å fremje heiltidskultur som eit berande prinsipp for arbeidsmønsteret i

kommunen, og *Tiltaksplan for heiltidskultur* som vart vedteken i 2018 er styrande for dette arbeidet. Kommunen har også ein eigen plan for likestilling, inkludering og mangfald.

5.3 Etisk standard og etisk arbeid i kommunen

I Meland kommune er etisk kompetanse og systematisk etikkarbeid viktig i kvalitetsforbetring. Kommunen tok del i nasjonalt prosjekt via «Prosjekt etisk kompetanseheving 2012-2015». Vi har etter avslutta prosjektperiode vidareført dette arbeidet som del av Strategisk kompetanseutviklingsplan kombinert med lokale kompetanseplanar for kvart tenesteområde. Systematisk etikkarbeid gjev organisasjonen ein metodikk til å reflektere kring utfordringar i tenestene slik at desse vert belyst frå ulike vinklar og perspektiv. Føremålet er å finne fram til nye og betre løysningar som kjem brukarane og organisasjonen til gode, slik at kvaliteten på tenesteyting vert endå betre. Etikk er også eit viktig tema på informasjonsmøta med nyttilsette. Kommunen har over mange år hatt eigne etiske retningslinjer. Meland kommune er medlem i Transparency International.

5.4 Økonomiske utsikter

Covid-19 pandemien

I samsvar med kommuneloven § 48, punkt 5 skal det i årsberetningen «gis opplysningar om forhold som er viktige for å bedømme kommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen». På bakgrunn av dette kravet er det naturleg at dagens situasjon med effekter av Covid-19 pandemien omtalast.

I februar 2020 vart det kjent at det hadde brote ut ein pandemi knytt til Covid-19 viruset. Den pågåande pandemien vil få økonomiske konsekvensar for kommunen, både i form av reduserte skatteinntekter, lågare inntekter (brukarbetalingar) og ikkje minst auka utgifter knytt til handteringa av den pågåande pandemien. Det vil verte oppretta fleire ekstraordinære tiltak, det vil verte høgt sjukefråver, og det vil påløpe høge vikarutgifter og ekstra lønnsutgifter både for å dekke inn det høge sjukefråveret, men også fordi det vil verte trong for fleire ressursar i pleie og omsorgstenesta, reinhald og drift.

Det er vedteken at kommunane vil få dekkja inn bortfall av brukarbetaling knytt til SFO og barnehage. Det er ikkje kjent i kva omfang kommunane vil få dekkja meirutgiftene sine, og det er ikkje vedtatt i kor stor grad kommunane vil få dekkja bortfall av sketteinntekter. Det er sagt at regjeringa vil komme attende til korleis kommunane skal få dekkja bortfall av sketteinntekter i revidert nasjonalbudsjett som vert lagt fram i mai 2020.

Alle meirutgifter i samband med den pågåande pandemien vert ført på eigen aktivitet i rekneskapen slik at ein har oversikt over kva som er vanleg drift av kommunen og kva som er knytt til ekstraordinære tiltak eller konsekvensar knytt til Covid-19.

Andre forhold

Kommunen har i den vedtekne økonomiplanen lagt opp til eit svært høgt investeringsnivå, med nye store låneopptak og stor auke i rente- og avdragsutgifter. Det vil vere krevjande å balansere budsjetta framover når denne utgiftsauken skal takast omsyn til. Elles er 2019 i stor grad prega av førebuing og planlegging av samanslåinga med Radøy og Lindås kommunar til nye Alver kommune gjeldande frå 2020.

5.5 Folketalsutvikling og demografi

Utvikling i folketal og demografi er ein av dei viktigaste føresetnadene for både inntekts- og utgiftsutviklinga i ein kommune. Pr 31.12.2019 var folketalet i Meland kommune 8.256, ein auke på 69 personar (0,84%) frå 2018. Dette er lågare vekst enn i 2018, men om lag på nivå med 2017, men vesentleg lågare enn det som har vore vanleg dei siste åra.

Folketalsutvikling Meland kommune 2012 - 2019:

År:	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
pr 31.12. i året	7 347	7 544	7 736	7 812	8 021	8 079	8 187	8 256
Vekst frå året før	311	197	192	76	209	58	108	69
Vekst i %	4,42 %	2,68 %	2,55 %	0,98 %	2,68 %	0,72 %	1,34 %	0,84 %

Tabellane under syner at fødselsoverskot i 2019 er det lågaste sidan 2009.

Fødselsoverskot: (tal for 1. jan - 31. des i året)								
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Fødde	114	120	110	107	121	103	99	87
Døde	42	38	35	47	27	51	33	48
Fødselsoverskot:	72	82	75	60	94	52	66	39
Netto inn-utflytting:								
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Innflytting	619	539	561	466	568	458	481	473
Utflytting	380	424	444	450	451	452	439	443
Netto innflytting:	239	115	117	16	117	6	42	30
Netto folkevekst:	311	197	192	76	211	58	108	69

I 2019 flytta 473 personar inn til kommunen og 443 personar ut. Dette er høvesvis 5,8% og 5,4% av folketalet pr. 1.1.2019. Samanlikna med 2018 er netto folkevekst i 2019 lågare først og fremst som følge av redusert fødselsoverskot.

5.6 Årsverk og tilsette

Talet på tilsette pr 31.12.2019 er 609, ein auke på 7 frå 2018.

Talet på årsverk pr 31.12.2019 er 496,4. Dette er ein auke på 11,8 frå 2018.

Tabellen under syner at talet på faste tilsette i 2019 er uforandra frå 2018, medan talet på vikarar og andre mellombelse stillingar er auka med 8 frå 75 til 86. Vi har 12 lærlingar mot 9 i 2018.

Årsverk og tilsette	<----- Årsverk per 31.12 ----->					<----- Tilsette per 31.12 ----->				
	2019	2018	2017	Endr. 18-19	Endr. 17-18	2019	2018	2017	Endr. 18-19	Endr. 17-18
Fast tilsette	433,7	427,8	432,2	5,9	-4,4	513	513	526	-	- 13
Vikarar, engasjement, mellombels tilsette.	57,9	51,7	45,0	6,2	6,8	83	75	66	8	9
Lærlingar	3,8	2,5	2,8	1,3	-0,3	12	9	8	3	1
Permisjonar - lønna og ulønna	1,0	2,6	-	-1,6	2,6	1	5	-	4	5
Sum Meland kommune	496,4	484,6	479,9	11,8	4,7	609	602	600	7	2

5.7 Sjukefråver

Etter ein stor auke i 2017 har det har i 2018 og 2019 vore jobba målretta med å redusere sjukefråværet. Etter ein gledeleg nedgong i 2018 auka fråveret igjen i 2019 til 8,6%. Dette fordeler seg med 1,2% på eigenmeldt korttidsfråvær, 0,9% på sjukemeldingar 1-16 dagar, begge det same som i 2018, medan det er langtidsfråveret (over 16 dagar) som har auka frå 5,8% i 2018 til 6,5% i 2019. Arbeidet med å redusere sjukefråveret fortset inn i Alver kommune i 2020.

År	2019	2018	2017	2016	2015	2014	Gj.snitt per år
Sjukefråver	8,60 %	7,90 %	9,10 %	7,10 %	7,60 %	6,80 %	7,85 %